

Informasjon til elevar ved utdanningsprogramma Helse og oppvekstfag vg1 og vg2 programområda ved avdelinga.

Du har fått plass ved Førde vidaregåande skule. Vi ynskjer deg velkommen, og håper du vil få ei lærerik tid her ved skulen.

Oppmøte

Skulen tek til måndag 19. august. Klokkeslett og stad for oppmøte blir kunngjort på skulen si heimeside www.forde.vgs.no. På nettsida vår vil du finne nyttig informasjon om skulen og tilboda våre.

Utstyr som du treng gjennom skuleåret:

Kroppsøving: 1 sett treningstøy innandørs/utandørs
1 par innandørssko med lys sole

1 par utandørssko

Engelsk 1 spiralhefte A4 med linjer

Matematikk: 1 spiralhefte A4 med ruter

Naturfag: 1 spiralhefte A4 med ruter

Ringperm m/ plastlomme til å samle arbeidskrav/forsøk Vanlege skrivesaker – blyant og viskelær

Programfag: Vi har kostpengar i programfaga våre. Dette utgjer kr.600.- på Vg1 Helse og oppvekstfag og kr.400.- Vg2 Barne og ungdomsarbeidar og vg2 Helsefagarbeidar. Sjå vedlegg: Kontrakt kostpengar.

Datamaskin: Ein tilrår at elevar kjøper ny PC gjennom Vestland fylkeskommune sin kjøpsavtale. For meir informasjon om avtalen: Gå til Førde vgs si heimeside www.forde.vgs.no Elev og Føresett--> Praktisk info--> Elev-PC

Programvare:

Elevar i Vestland fylkeskommune får installert Microsoft Office pakke gratis ved skulestart.

Kost/ ernæring: Evt. forklede/sko/hovudplagg avklarast med faglærer ved skulestart.